

Velkommen attende til Tangen skule!

Måndag 27. april har me glede av å opne skulen att for elevane i 1. - 4. klasse, samstundes som me opnar SFO-avdelinga. Dette skal me gjere på den absolutt beste måte me kan, og både store og små skal vere trygge på at dette vil skje i høve til dei retningslinjer som er gjevne frå sentralt hald.

Me viser såleis til informasjon om dette på kommunen si heimeside, samt til den informasjonen som er kommen frå sentralt hald om hygiene, smittereglar m.m.

Det er avgjerande for oss alle at me ***respekterer dei retningslinjene som me har fått, og at me samstundes har forståing for at nokre kan føle seg utrygge i høve til dette.***

Alle har ikkje same ståstad, men me skal likevel sjå til at alle vert ivaretekne på ein god måte. Tangen skule har såleis gjort grundig planlegging i høve til detaljane her, med svært god hjelp frå personal innan reinhald, helse, teknisk etat, skuletransport o.a.

Skulen ønskjer særskilt å informere om følgjande:

Opningstider:

- Skuletida vert den same som før for småskuletrinnet.
- SFO vil vere ope frå 07.30 til 14.30 (slik barnehagane har det no), og borna nyttar inngangen til SFO nede. (Spørsmål om SFO kan rettast til Ann Merete Sviggum, mobil 90 57 35 16).

Frammøte, utstyr og henting:

- 1. og 2. klasse møter på skuleplassen som før.
- 3. og 4. klasse nyttar hovudinngangen til skulen, inn til vestibylen.
- Det er ønskjeleg at elevane møter i tida 08.15 - 08.30.
- Det vert ikkje høve for føresette å bli med inn på skulen.
- Føresette kan hente borna sine etter skuletid/SFO på skuleplassen.

Undervisning:

- Undervisninga vert stort sett som før, men med nokre nødvendige avgrensingar grunna retningslinjer, t.d. i kroppsøving. Det vert og lagt opp til meir uteaktivitet for elevane enn før.
- Personalet vert delt inn i team for kvar klasse, med personal som elevane er kjende med. Skulen ser til at elevane såleis ikkje møter fleire tilsette enn nødvendig.
- Skulen tilbyr ikkje leksehjelp i tida framover.

Friminutt / matpause:

- Klassane vil ha friminutt på ulike tider og på delte område.
- Mjølkeordninga vil fungere som vanleg, og borna må ha med seg eigen mat og drikke på SFO.

Skuleskyss:

- Denne vil gå som vanleg for elevane frå Seimsdalen, med retur kvar dag 13.10 (onsdag 14.25). Skulen vil ha personell med på bussen måndag. Elevane frå Naddvik nyttar og bussen som før.

Generelt vil skulen peike på at både store og små skal halde seg heime dersom det er teikn på sjukdom, og at ein ikkje møter før ein har vore symptomfri i eit døgn.

Kontaktlærarane vil og ta dialogen vidare med føresette i høve til moment som er knytt til smittevern, t.d. praktiske ting om lærebøker, skrivesaker, minst mogleg byte av klede o.a.

Me håpar på eit godt samarbeid om ein trygg skulegang, og me ønskjer alle hjarteleg velkommen attende til skulen.

***Mvh
alle på Tangen skule***